

Innspel til stortingsmelding om villrein

Avsendar: Hardangerviddarådet etter fullmakt ved nestleiar Andres Vatile, ordførar Eidfjord kommune. Jan Gaute Bjerke, ordførar Nore og Uvdal. Steinar Bergsland, ordførar Tinn kommune

Me takkar for høvet til å gje innspel og koma med framlegg til tiltak i samband med stortingsmeldinga for villrein.

Hardangerviddarådet er samansett av politiske representantar frå åtte kommunar og tre fylkeskommunar og leiaren av Villreinnemnda og representantar frå dei tre statsforvaltarane. Rådet er etablert for å følgja opp Regional plan for Hardangervidda med handlingsprogram. Dei tre fylkeskommunane Vestland, Viken og Vestfold og Telemark samarbeider om sekretariatsfunksjonen.

Me set framleis pris på at KLD og Miljødirektoratet iverksett arbeidet med tiltaksplanar og stortingsmelding som ei oppfølging av kvalitetsnorma for villrein. På Hardangervidda har me gjennom handlingsprogrammet vårt allereie fleire pågåande tiltak, og me vil bidra til ein god prosess og ein god tiltaksplan og stortingsmelding.

Dette innspelet er forankra i politisk leiing i kommunane og fylkeskommunane som Hardangerviddarådet består av. I førre innspelsmøte peikte me på hovudutfordringar for Hardangervidda.

- Fragmentert forvaltning
- Sjukdomsbilete til villreinen
- Fragmentering av leveområda for villreinen

Me held på desse og vil knyta våre innspel til tiltak opp mot desse utfordringane.

Fyrst: Det har i den politiske leiinga i kommunane i Hardangerviddarådet ved fleire høve vore diskutert problemstillinga at me opplever at leiinga i kommunane i for liten grad vert inkludert i arbeidet med forvaltning av villrein. Seinaste eksempel er tiltaksplanane som konsekvens av statusen til villreinen etter kvalitetsnorma. Me opplever at dei oppdrag statsforvaltarane er gitt i dette arbeidet og deira måte å velja ut einskildpersonar som ressurspersonar ikkje nødvendigvis representerar alle sider av problemstillingane.

Me meiner kommuneleiinga i større grad skulle vore kopla på for å sikra forankring lokalt i arbeidet.

Me er og noko uroa av svaret frå Statsforvaltaren på korleis kommunane vil verte involvert i prosessen vidare. Me ynskjer ei tydleg forankring i kommunane når konklusjonane og prioriteringane skal gjerast, for å ta vare på det lokale engasjementet og eigarskapen til desse viktige planane

Fragmentert forvaltning

Me ser utfordringa slik at fragmentert forvaltning kan føre til usikkerheit knytt til kven som har ansvar for gjennomføring og kven som eig verkemidla. Når me har lagt ned eit stort arbeid i den regionale planen, og det har vorte semje regionalt, må stå til ansvar overfor kvarandre og følgje opp at tiltaka blir gjennomførte. Kven skal følgje opp og koordinera på tvers av forvaltningsnivå og geografiske grenser? Uavhengig av kven som får rolla må det sikrast tilstrekkelege administrative og økonomiske verkemiddel til å gjennomføra tiltaka. Av fleire ulike modellar for å følgja opp villrein vil Hardangerviddarådet peika på eit tiltak som bør vurderast:

Tiltak: Etablere interkommunale samarbeid om villrein etter kommunelova som vert gitt dette ansvaret.

Regionale planer, CWD, stortingsmelding og tiltaksplanar. Lokal forvaltning har fått fleire arenaer der det er forventa at de deltar med sin lokalkunnskap de seinare åra, men inntektene har minka i takt med sjukdom og nedgang i jaktkvotar. Villreinutvalgene må få bedre økonomiske forutsetningar til å delta på de arenaene der lokalkunnskap om villrein er viktig.

Tiltak: Styrka finansiering av lokal forvaltning

Utnytting av naturressursane er svært viktig for utvikling av tenester og næringsliv i mange kommunar. Det å ta ut utbyggings- og utviklingspotensiale som ligg i planane frå tidlegare, kan skapa uforutsigbarheit og kortsiktighet i utvikling av lokale tenester og næringsliv. Ny kunnskap kan og vil truleg visa at det er behov for å revidera planar og tiltak. Her er det viktig at nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, alle bidreg til å nå målsetjingane til aktuelt planmynde, når dette hensyntek viktig nytt kunnskapsgrunnlag for villrein.

Tiltak: Når det oppstår nasjonale forventningar om retting av tiltak er i strid med nyare kunnskapsgrunnlag, må dei nasjonale forvetningane og tydleggjera korleis dei vil støtte kommunane til å nå dei vedtekne målsetjingane i det overordna planverket deira.

Sjukdomsbilete til villreinen

I ljøs av status av villreinområdet som dårleg/raudt og utbrot av CWD på Hardangervidda er det klart at forholda til villreinen må betrast. Hardangerviddarådet peikar og på FN sin naturavtale, der me og skal restaurera 30 prosent av delvis øydelagt natur innan 2030. Dette er krevjande, med tanke på forvaltning, lovfesta rettar og stadig nye bruksmønster i naturen. Eit tiltak som kan verta aktuelt er:

Tiltak som bør utgreiast: I tråd med Naturmangfaldlova å handsama villrein som ein prioritert art

Hardangerviddarådet ser at dette vil verta krevjande, og dersom ein går denne vegen er det avgjerande at rettar etter Fjellova i vert opprettheldne og at det er den nyare bruk som i størst mogleg må styrast. Det er og avgjerande at alle partar bidreg til at nyare aktivitetar og bruk av naturen vert styrt. Me vil då peika på utbyggingsområde i regionale planar må få utvikla seg slik at dei sikrar at flest mogleg får gode naturopplevingar og oppheld seg innanfor desse områda, eller andre område som tåler menneskeleg aktivitet. Me slik me vurderar det, vil ikkje §24a vere i vegen framleis bestandsregulering gjennom ordinær jakt, §24b gir rom for å oppretta økologiske funksjonsområde, dette skal i hovudsak ikkje gå utover grunneigars/ rettshavars bruk, men viss dette går utover bruken til grunneigaren, er det krav på erstatning, §24c styrkjer regional plans retningslinje ved at det blir sett krav om forklaring av verknadene av tiltak på villreinen.

Fragmentering av leveområda for villreinen

Samfunnsutviklinga dei siste tiåra har bidrege til aukande bruk av villreinområda. Tung infrastruktur, som vegar og damanlegg, bidreg til fragmentering, men og andre aktivitetar som hyttar, stigar, skiløyper og turmål og den ferdsla som desse installasjonane fører med seg.

Når det gjeld samferdsel vil me peika på tiltak som har vist gode resultat i å knyta i hop leveområda til villreinen: Finsetunnelen på Bergensbanen, Haukelitunnelen på E134, Geiteryggtunnelen på Hol-Aurland fv50, men me manglar det på rv7 over Hardangervidda. Rv7 er ein hovudveg aust-vest og prioritert næringsveg innan turisme som vil ha svært store konsekvensar å stenge over tid. Hardangervidda villreinområde er delt i to av rv7 i tillegg til at det er minimalt utveksling mellom Nordfjella og Hardangervidda. Akkurat nå i situasjonen med CWD er det bra, men me må tenke på bestanden sin robustheit over tid.

Tiltak: Tunnel langs rv7 som sikrar at villreinen kan ivareta naturleg trekkroute

Motorferdselen har auka dei siste 30 åra grunna betra økonomisk kjøpekraft og teknologisk utvikling som har ført til fleire snøskuterar og betre tryggleik. I tillegg har kravet til ettersyn/ tilsyn auka, t.d. når det gjeld brannvernstiltak og kravet til feiing av piper i fritidsbustader. Det er vanskeleg å få oversikt over den totale motorferdselen, fordi det er ulike instansar som gir løyve innanfor og utanfor verneområda og det er ulike krav til rapportering, i tillegg har fleire instansar direkteheimel etter lovverk. Forslag til tiltak:

Tiltak: Avklara forventningane om branntilsyn/ feiing av piper i fritidsbustader i sårbare område (verneområde), ei avklaring mellom DSB (Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap) og Miljødirektoratet

Tiltak: Felles digital plattform der alle som skal søkja og rapportera motorferdsel i utmark skal søkja/ rapportera og forvaltningsstyresmakt kan behandla søknader, slik at det blir gjort etter same mal og kan haldast kontroll over.

Me vil og peika på at Hardangervidda har hatt sti- og løypeplan med framlegg til nedlegging av stiar av omsynet til villrein sidan NOU 1974. Det herskar framleis usikkerheit knytt til kva verkemiddel, og då spesielt juridiske.

Tiltak: Klargjera kva juridiske verkemiddel me har for å styra ferdsel, og klargjera kven som eig dei ulike verkemidla

Tiltak: Kategorisera kva verkemiddel/tiltak som har størst effekt for villrein i dei ulike områda og kva konsekvensar dei har

Tiltak: Tydeleggjera kva verkemiddel me skal prioritera

Tiltak: Det må følgja med økonomiske midlar som kompenserer eventuelle konsekvensar for rettighetshavarar/næringsinteresser